

Rustar opp gamal veg over Bergsheiane

28.04.2016



Svein Sætre har rusta opp deler av vegen over Bergsheiane

Vegen mellom Herøysundet og Uskedalen gjekk over Bergsheiane fram til ny veg kom i 1939. Den gamle vegen over Stigen frå Ljosmyr til Berge er godt synleg i landskapet og er i dag eit mykje brukt turmål. Mykje vatn, tette grøftar og mykje skog har redusert kvaliteten på vegen.



[Stabbesteinane er leita fram og komen på plass](#)

No har Svein Sætre gjort eit stort arbeid med restaurering. Landskapet er rydda for tett brakje, stabbesteinane er på plass, gamle kisteveitar er opna og vatnet renn der det skal. Eit gamalt gjerde på vegkanten er flytta. Murane er stort sett intakte.

Svein Sætre har brukt om lag to veker på jobben. Han gjer alt sjølv med eigen maskin og har til no arbeidd seg fram 500 meter mot det høgste punktet kalla Klype.

Vegtraseen er i offentleg eige og vart opparbeidd i åra før og etter 1880.

Bjarne Berge er grunneigar på den del av vegen som går vidare ned mot Berge. Målet må vera å rusta opp heile veglengda.

Når vegen har sett seg, må ein fylla på med grus.

Her trengst det støtte noko gode krefter vil finna ei løysing på.

Tekt/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland